

# (16) VED NYÅRSLEITE

TANKAR OM SAMANHENGAR

Tekst og tone:  
FREDDIE LANGRIND

(G6) G D7 G G6 G

Skal fer - da lyk - kast må veg - en ryd - dast for stein og steng - sler og

D7 G G7 Am7 D7 G Em G6

5 an - na skrot. Skal strid - ar stil - ne må nok - on møt - ast med op - ne

A7(sus4) A7 Am7 D7 E7 Am D7 G

10 hend - er på li - ke fot. Skal fø - re - dø - me ha no - ko mei -

Em G6 A7(sus4) A7 D7 G

15 ning trengst ik - kje mur - ar å stø dei mot.



Skal ferda lykkast må vegen ryddast  
for stein og stengsler og anna skrot.  
Skal stridar stilne må nokon møtast  
med opne hender, på like fot.  
Skal føredøme ha noko meining  
trengst ikkje murar å stø dei mot.

Skal du og eg vere to på vegen  
må bære vike og unne plass.  
Skal vi så vite om kor det ber hen  
trengst same kartet, og eitt kompass.  
Skal vi gå saman då må vi einast  
om same lette og same lass.

Skal omsorg gjerast slik mor di gjorde  
må dine tankar bli meir enn ord.  
Skal sjølv din uvenn få rettvis ære  
må du ha sansa dei gamle spor.  
Og då! - med vørndnad for alt og alle  
er lasset lite og vinsten stor.